Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 16. Lyngjing/mosing
Tilleggsspørsmålnr.
Emne: Lyngjing og mosing
Oppskr. av: Jon Haukanes Loe
(adresse): Folkedal

Fylke: Hordaland
Herad: Granvin
Bygdelag:
Gard:
G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eigi røynsla.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
80 år gamall - lærar og gardmann i Granvin.

SVAR

Lyngjing hev vore og er lite brukt i Granvin. Her er lite lyngmark, helst vallmark eller grasmark. Som regel er det ikkje lyng utan der er fureskog. I bjørkeskogen trivst den ikkje.

Rein lyngja ved å riva den upp med hendene. Som naudfor i vaar er den brukt til for åt kyr og sau. Det kan vel ha hendt at ein brukte ljå og slo lyngen med sterke langorv; men eg hev ikkje set det her i bygdi.

Då eg var lærar i Forsand i Ryfylke brukte dei mykje lyng. Dei slo den med ljåen 3die kvart år den dei kalla for ådelyng. Den store røyslyngen reiv dei med nevane og brukte den til å fyra med - istadenfor ved, i skorsteinen i eldhuset, kunde vel henda i kjøkenet og.

Dei riv stundom lyng um hausten til underbur åt sauen når dei set den inn seinhaustes. Dei brukar og lyng til bos i grisagaren; elles er det helst visna lauv dei rakar saman til det.

Det vanlege er at det kvinnfolkarbeid,

1706

I Gjesdal på Jæren slår dei store mengder lyng um hausten og samlar det inn store stakkar eller tilbygg åt løa, so dei hev lyng heile vetteren til ku og sau. Dei ber lyngen heim på tog eller i sekkjer. Det er berre sjeldan at dei hakkar lyngen og har mjøl i den. — Lyngen er ikkje noko godt for, og den set ned feit prosenten um kyri fær mykje av den

B.

Lyng som beite um vettrane gjeld for å vera godt. I mi lærartid i Forsand gav me smalen litt (høy) morgo og kveld og resten av dagen ute på beite i lyngen. Ein vetter var det so godt ver, at ~~dei~~ smalen gjekk umlag kvar dag og åt lyng og fann seg vatn. Berre 10 dagar var det inneståa, grunna snjo, drev eller storm. Smalen treivst av å gå ute og eta lyng vetterdag. Men her i Hardanger stend smalen inne heile vetteren og fær ikkje ut fyrr det er grønt og helst fjellmata um våren.

II. Mosing.

Dei sanka svinamose i fjellet fyrr. Det var helst buddeiena på stølen som sanka den slags mose åt gris, sau og jamvel åt folk — mosadraole. Den slags draole brukte under fyrre heimskrig 1914–18.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Under siste heimskrig høyrde eg ikkje
um at dei brukte masadråvle. Dei
hakka masen i mjølk, og dei tykte
dravlen var god.

Som smågut var eg med mor
og sanka mose i fjedle. Den bar me
heim i sekkje til helst sauen og grisen.
Masadravle brukte ikkje me. Eg
veit ikkje noko um at dei sanka og
reiv reinsmose – berre svinamose, truleg
den dei og kalla islandsk lavamose.

Ein reiv aldri so mykje mose her
at ein kunde få ein stakk. Ein bar
den heim og la den på ein skrukk
eller på ein staurelemm.

Skjegglav på tre samlar ein ikkje.

22-5-1948.

Jon Haukanes.

1706
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING